

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 1/17-18

Møtedato 04.10.17



Referat frå studenttingsmøtet 04.10.17

Tid 04. oktober 2017 kl 17.00-20.00

Stad BK 157

Til stades med **AHL:** Sara bergland (H) tom. sak 6, Annabelle Sørensen (V) fom. sak 7.

stemmerett: Lillian Gåsemyr (H),

11 representantar **AKF:** Sigmund Bratlie (H), Rebecca Heidenberg (V)

AMF: Marion Kristine Gustavsen (H), Bernt Inge Berge (H)

ASH: Alexander Økland (H), Andrea Fremmerlid (H)

FR: Allan Levi Melby (H), Natalie Beitveit (H), Hanna Hauan (H)

Til stades utan **AU:** Håvard Bjørnerem (leiar), Paloma Lorenzale Alonso (internasjonalt ansvarleg), Simen Langeland (informasjonsansvarleg), Guro Kvist (velfedsansvarleg)

stemmerett:

Fast møtande: Tonje Nordrum (ordstyrar), Serghei Levenco (kontrollkomitéen), Marit Aklestad (referent)

Andre: Tormod Smedsvig (SiVolda), Andrea Larsen (vara AHL), Annabelle Sørensen (vara AHL), Stig Grainger (vara ASH), Heidi Anita Kejzar, Thea Müller (vara AMF), Trond-Fredrik H. Hoddevik (vara ASH).

Forfall Oda Næs Skoglund (fagansvarleg i AU)

Trym Nikolas Rimmen (AKF)

Saksliste	Type sak	Merknad
Sak 01 – Konstituering og val av møteleing	Vedtakssak	
Sak 02 – Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedtakssak	
Sak 03 – Godkjenning av referat	Vedtakssak	
Sak 04 – Orienteringar	Orienteringssak	
Sak 05 – Forretningsorden og møteskikk	Orienteringssak	
Sak 06 – Møteplan for studenttingsåret 2017-18	Vedtakssak	
Sak 07 – Val av studentrepresentantar til råd og utval	Vedtakssak	
Sak 08 – Val av representantar til NSO si haustkonferanse	Vedtakssak	
Sak 09 – Forventningar til året i studenttinget	Diskusjonssak	Saka vart utsett
Sak 10 – Høyring: FoU-arbeidet ved HVO.	Diskusjonssak	
Sak 12 11.1 – Eventuelt: PRIDE-markering i Volda	Diskusjonssak	
Sak 11 00 – Møtekritikk	Diskusjonssak	Flytta til etter formell møteslutt

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 1/17-18

Møtedato 04.10.17



Sak 01 – 17/18 Konstituering og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

Namneopprop.

Vedtak:

Tonje Nordrum vert vald til ordstyrar.

Serghei Levenco og Marit Aklestad vert valde til teljekorps.

Sak 02 – 17/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Type sak: Vedtakssak

Namneopprop.

Merknad til innkallinga:

- Marion Gustavsen hadde ein merknad på at innkallinga kom for seint. Dei skal i fylgje vedtektene sendast ut ei veke før møtet.

Til dagsorden:

- Håvard Bjørnerem melde inn ei eventuelt-sak:
Sak 12.1. PRIDE-markering i Volda.
- Bernt Inge Berge la fram forslag om å flytte sak 9 til etter sak 12.
Votering: forslaget fall.
- Guro Kvist la fram forslag undervegs i møtet om å utsetje sak 9 til neste møte for å spare tid.
Votering: einstemmig vedteke.

Vedtak:

Studenttinget godkjenner innkallinga, med ovanståande merknad.

Studenttinget godkjenner dagsorden, herunder 1 eventuelt-sak og utsetjing av sak 9 til neste møte.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 1/17-18

Møtedato 04.10.17



Sak 03 – 17/18 Godkjenning av referat

Type sak: Vedtakssak

Vedtak:

Studenttinget godkjenner referatet frå sist studenttingsmøte, 19. april 2017.

Sak 04 – 17/18 Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Arbeidsutvalet v/Håvard Bjørnerem orienterte om arbeidsgruppe for revisjon av vedtektene til STiV og arrangementet Kunnskap i Vekst. Velferdsansvarleg Guro Kvist orienterte om TV-aksjonen og arbeid med psykisk helse.

Tormod Smedsvig, styreleiar i Studentsamskipnaden i Volda (SiVolda) orienterte om nye studentbustader og utvida helsestasjonstilbod i samarbeid med Volda kommune.

Det vart opna for spørsmål.

Sak 05 – 17/18 Forretningsorden og møteskikk

Type sak: Orienteringssak

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Studenttinget sin forretningsorden set rammene for gjennomføringa av studenttingsmøta.

Arbeidsutvalet v/ Håvard Bjørnerem og Guro Kvist gjekk igjennom hovudpunkta, og det vart opna for spørsmål.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 1/17-18

Møtedato 04.10.17



Sak 06 – 17/18 Møteplan for studenttinget 2017-18

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Simen Langeland

Studenttinget skal i fylgje vedtektene (§4.1. bokstav b) ha minimum tre møter på hausten og minimum 4 på våren. Tidlegare praksis har vore å leggje studenttingsmøta til den siste onsdagen i månaden. Møtetidspunktet har brukt å vere kl. 16.30 med matsservering først, og formell møtestart 17.00.

AU sitt forslag til vedtak:

Studenttingsmøta blir lagt til onsdagar kl 16.30, som hovudregel siste onsdagen i månaden.

Møtedatoar for studieåret 2017-18:

- Onsdag 4. oktober 17
- Onsdag 1. november 17
- Onsdag 29. november 17
- Onsdag 31. januar 18
- Onsdag 28. februar 18
- Onsdag 21. mars 18
- Onsdag 25. april 18

Endringsforslag:

Marion Gundersen la fram forslag om å endre møtedatoen for siste møtet til **tysdag 24. april**, grunna Dokfilm-festivalen.

AU slutta seg til endringsforslaget, og det vart røysta over framlegget til AU med denne endringa.

Votering: einstemmig vedteke.

Vedtak:

Studenttingsmøta blir lagt til onsdagar kl 16.30, som hovudregel siste onsdagen i månaden.

Møtedatoar for studieåret 2017-18:

- Onsdag 4. oktober
- Onsdag 1. november
- Onsdag 29. november
- Onsdag 31. januar
- Onsdag 28. februar
- Onsdag 21. mars
- Tysdag 24. april

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 1/17-18

Møtedato 04.10.17



Sak 07 – 17/18 Val av studentrepresentantar til råd og utval

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsaming: Håvard Bjørnerem

Håvard Bjørnerem orienterte kort om dei ulike verva, og det vart opna for spørsmål, før studentane stilte til val til dei ulike utvala. Kandidatane heldt valtale på eitt minutt.

Til voteringa vart det fremja to forslag til vedtak:

Forslag 1. Fremja av Tormod Smedsvig: Representantane vel berre eit namn der det er tre eller færre som stiller til val

Forslag 2. Fremja av Marion Kristine Gustavsen: Representantane vel to namn i rangert rekkjefylgje der det er tre eller færre som stiller til val.

Votering og utfall: Forslaga vart stilt opp mot kvarandre. Forslag 1 fekk fleirtak med 8 mot 3 stemmer og vart vedteke.

Vedtak: Representantane vel berre eit namn der det er tre eller færre som stiller til val.

Studenttinget gjekk til stemmegiving på kandidatane som stilte til val.

Votering: urneval

Vedtak:

Utval	Studentrepresentasjon	Desse stiller til val	Desse er valde inn
Strategisk studienemnd - Utvikling av studieprogram og kvalitetssikring	2 stud.repr. og to vara. Fagansvarleg i STiV (Oda Næs Skoglund) er fast representant. STiV vel 1 student og 2 vara	1. Bernt Inge Berge 2. Marion Kristine Gustavsen 3. Tormod Smedsvig	1.Oda Næs Skoglund 2.Bernt Inge Berge Vara: 1. Marion K. Gustavssen 2. Tormod Smedsvig
Internasjonalt utval Internasjonalisering og utveksling	2 stud.repr. og 2 vara. Internasjonalt ansvarleg i STiV (Paloma Lorenzale Alonso) er fast representant. STiV vel 1 student og 2 vara	1. Andrea Fremmerlid 2. Lillian Gåsemyr 3. Trym Nikolais Rimmen	1. Paloma L. Alonso 2.Lillian Gåsemyr Vara: 1.Andrea Fremmerlid 2.Trym Nikolas Rimmen

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 1/17-18

Møtedato 04.10.17



<p>Læringsmiljøutvalet (LMU) - Studentane sitt læringsmiljø</p>	<p>4. stud.repr. og 4 vara. Velferdsansvarleg i STiV (Guro Kvist) er fast representant. STiV vel 3 studentar og 4 vara</p>	<p>1. Andrea Fremmerlid 2. Marion K. Gustavsen 3. Sara Bergland 4. Natalie Beitveit 5. Stig Grainger 6. Tormod Smedsvig 7. Heidi Anita Kejzar</p>	<p>1.Guro Kvist 2.Natalie Beitveit 3.Sara Bergland 4.Andrea Fremmerlid Vara: 1.Marion K. Gustavsen 2.Heidi Anita Kejzar 3.Tormod Smedsvig 4.Stig Grainger</p>
<p>Tilsetjingsutvalet for undervisings- og forskingsstillingar (TUFO) - Tilsetjing av faglege tilsette ved HVO</p>	<p>2 stud.repr. og 2 vara. Leiar i STiV (Håvard Bjørnerem) er fast representant. STiV vel 1 student og 2 vara</p>	<p>1. Andrea Fremmerlid 2. Allan Levi Melby 3. Tormod Smedsvig</p>	<p>1.Håvard Bjørnerem 2.Tormod Smedsvig Vara: 1.Allan Levi Melby 2.Andrea Fremmerlid</p>
<p>Klagenemnda - Handsaming av klager og fusk</p>	<p>2 stud.repr. og 2 vara. STiV vel 2 studentar og 2 vara</p>	<p>1. Sara Bergland 2. Marion K. Gustavsen 3. Lillian Gåsemyr 4. Rebecca Heidenberg</p>	<p>1.Marion K. Gustavsen 2.Rebecca Heidenberg Vara: 1.Lillian Gåsemyr 2.Sara Bergland</p>
<p>Valstyret - Val av høgskulestyre og rektor</p>	<p>2 stud.repr. og 2 vara. Informasjonsansvarleg i STiV (Simen Langeland) er fast representant. STiV vel 1 student og 2 vara</p>	<p>1. Bernt Inge Berge 2. Hanna Hauan 3.</p>	<p>1. Simen Langeland 2.Hanna Hauan Vara: 1.Bernt Inge Berge 2. Allan Levi Melby (akklamasjon)</p>
<p>Skikkanemnda - Vurdering av studentars skikkaheit til yrket</p>	<p>2 stud.repr. og 2 vara. STiV vel 2 studentar og 2 vara</p>	<p>1. Allan Levi Melby 2. Bernt Inge Berge</p>	<p>1.Allan Levi Melby 2.Bernt Inge Berge Vara: 1. Alexander Økland (akklamasjon) 2. Trond Fredrik H. Hoddevik (Akklamasjon)</p>
<p>Forskningsutvalet - Forsking og utvikling</p>	<p>2 stud.repr. og 2 vara. Fagansvarleg i STiV (Oda N. Skoglund) er fast representant. STiV vel 1 student og 2 vara</p>	<p>1. Allan Levi Melby 2. Tormod Smedsvig 3. Sigmund Bratlie 4. Thea Müller 5.</p>	<p>1. Oda Næs Skoglund 2.Sigmund Bratlie Vara: 1.Thea Müller 2.Tormod Smedsvig</p>

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 1/17-18

Møtedato 04.10.17



Sak 08 – 17/18 Val av representantar til NSO sin haustkonferanse

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Guro Kvist

NSO sin haustkonferanse går føre seg 27.-29. oktober i Drammen. Studenttinget i Volda er invitert til å sende to deltakarar på konferansen. Guro Kvist orienterte om saka, før det var ope for spørsmål og debatt.

AU sitt forslag til vedtak: Studenttinget vel 2 studentrepresentantar til NSO si haustkonferanse 2017.

Studenttinget drøfta om ein i vedtaket burde avklare kven som kan veljast til å reise; opne plassar, likt fordelt mellom AU og Studenttinget, eller berre AU.

Forslag 1. Fremja av Allan Levi Melby: Studenttinget vel 2 studentrepresentantar til NSO si haustkonferanse 2017. Plassane er opne for både Studenttingsrepresentantar og medlemmer i AU.

Forslag 2. Fremja av Alexander Økland: Studenttinget vel 2 frå AU til å reise på NSO si haustkonferanse.

Forslag 3. Fremja av AU v/ Guro Kvist: Studenttinget vel to studentrepresentantar til NSO si haustkonferanse 2017, der ein er frå STiV og ein frå AU.

Alexander Økland trekte sitt forslag (forslag 2).

Votering: Forslag 1 og 3 vart sett opp mot kvarandre.

Utfall: forslag 3 fekk fleirtal og vart vedteke.

Vedtak: Studenttinget vel to studentrepresentantar til NSO si haustkonferanse 2017, der ein er frå STiV og ein frå AU.

Kandidatar som stilte til val: Marion Kristine Gustavsen, Andrea Fremmerlid, Simen Langeland (AU) og Lillian Gåsemyr. Simen Langeland var den einaste frå AU som stilte, og vart vald med akklamasjon. Dei øvrige kandidatane heldt valtale.

Votering: urneval.

Vedtak: Marion Kristine Gustavsen og Simen Langeland vart valde til STiV sine representantar på NSO si haustkonferanse 2017. Lillian Gåsemyr er vara.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 1/17-18

Møtedato 04.10.17



Sak 09 – 17/18 Forventningar til året i Studenttinget

Type sak: Diskusjonssak

Sakshandsamar: Guro Kvist

Grunna tidsoverskriding, fremja Guro Kvist forslag om å utsetje saka.

Votering: einstemmig vedteke.

Vedtak: Saka vert utsett til neste møte.

Sak 10 – 16/17 Høyring: FoU-arbeidet ved HVO

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

STiV er invitert til å kome med høyringssvar på FoU-arbeidet ved HVO, som ei oppfylging av strategiplanen ved Høgskulen.

AU sitt forslag til vedtak: Studenttinget vel ei arbeidsgruppe på inntil tre studentar, som saman med fag- og forskingsansvarleg Oda Næs Skoglund utarbeider eit høyringssvar på vegne av STiV.

Endringsforslag: fremja av Håvard Bjørnerem: I tillegg til det opprinnelege punktet, leggje til: (...) arbeidsgruppa består av studentrepresentantar og varaer i forskingsutvalet.

Votering: endringsforslaget vart sett opp mot AU sitt opprinnelege forslag til vedtak.

Utfall: endringsforslaget fekk fleirtal med 9 mot 1 stemme og vart vedteke:

Vedtak: Studenttinget vel ei arbeidsgruppe på inntil tre studentar, som saman med fag- og forskingsansvarleg Oda Næs Skoglund utarbeider eit høyringssvar på vegne av STiV. Arbeidsgruppa består av studentrepresentantar og varaer i forskingsutvalet.

Studenttingsmøter 2017-18

Referat nr 1/17-18

Møtedato 04.10.17



Sak 11 – 17/18 Eventuelt: PRIDE

Type sak: Diskusjonssak

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Studenttinget har fått eit «frieri» om å vere med å arrangere PRIDE i Volda og Ørsta i mai 2018.

Håvard Bjørnerem la fram saka, og la fram fylgjande punkt til diskusjon:

- Er dette noko Studenttinget vil vere med på?
- Er det stemning for å setje ned ei uformell arbeidsgruppe?
- Vil de ha saka opp på neste Studenttingsmøte?

Studenttinget bad om ei sak til neste møte, og det vart oppretta ei uformell arbeidsgruppe med Andrea Fremmerlid, Allan Levi Melby, Rebecca Heidenberg, Annabelle Sørensen og Alexander Økland. Håvard Bjørnerem vil førebels leie gruppa.

Møteslutt ca kl 20.00